

Aukande spenning om Hjemmekokkklauget

22.10.2012

Blir uskedelingen Elin Enes ein av dei 6 medlemmene av Hjemmekokkklauget som onsdag reiser til matens og vinens høgborg i Toscana saman med kjendiskokk Eyvind Hellstrøm? I løpet av måndagen vil vi få svar på det spørsmålet for no er utvelgelsen i gang, opplyser Hellstrøm på nettet måndag føremiddag. Han oppmodar finalistane om å vera i nerleiken av ein telefon og ha kufferten klar. Elin har fått varsel om at ho vil få beskjed uansett om ho blir med eller ikkje.

Hellstrøm skriv på nettet at finalistane gjennom bloggane sine har jobba hardt for å få fram særegenheiter og spesialitetar.

Han opplysar og heller overraskande at klauget og medlemmene ikkje vil bli offentleggjort før dei er tilbake, men det er neppe eit realistisk mål. Det har også utløyst ein del forvirring at dei endelege røystetala som vart gjort kjende på nettet idag er nye og dei gjev tildels eit heilt anna bilete av situasjonen enn dei som var framme i går kveld.

Til dømes fortel dei at Elin har 6568 røyster og dermed ligg på sjuandeplassen medan ho søndag kveld var berre nummer 12. Den andre representanten frå Kvinnherad, Veronica T. Thorsen frå Valen ligg lenger nede med 5077 men det er eit mykje betre resultat enn tidlegare tal varsla om.

Tore Svanemslie frå Trondheim toppar med 12268.

Uansett har Hellstrøm varsla at røystetala åleine ikkje vil bli avgjerande. Vi ventar i aukande spenning...

Av Ola Matti Mathisen